

Årsmelding 2015

Hordaland fylkesbibliotek



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innhold

Innhold	2
Høgdepunkt i 2015	3
Fylkesbiblioteket sitt oppdrag	4
Utviklingsoppgåver	4
Prosjekt "Sterk, spenstig og klar 2014 - 2016"	4
Delprosjekt 1: Modellbibliotek	5
Delprosjekt 2: Auke tal på besøk og arrangement	6
Delprosjekt 3: Profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag	8
Delprosjekt 4: Digital formidling og innholdsproduksjon	9
Delprosjekt 5: Kompetanseutvikling	9
E-bøker i biblioteka i fylket	10
«Ord i spreke spor»	10
Friluftslivets år	12
Skulebibliotek for kunnskap og trivsel	13
Skulebibliotekarane sin kompetanse	14
Kompetanseheving	15
Kurs 2015	15
Litteraturformidling	17
Bok til alle	17
Samarbeid med Den kulturelle skolesekken	17
Leseknappen	17
Driftsoppgåver	17
Fjernlån og transport mellom bibliotek	17
Bokbåten	18
Klassesett	19
Råd og rettleiing	19
Informasjonsarbeid	20
Innlegg	20
Internasjonalt arbeid	21
IFLA	21

Høgdepunkt i 2015

- Voss, Vaksdal og Os folkebibliotek lanserte nye nettstader
- 23 mobile ting
- Opning av modellbibliotek i Sund
- 150-årsjubileum for forfatteren Hans E. Kinck
- Friluftslivets år
- Opning av tur- og kulturløypa «Ord i spreke spor»
- Samarbeid med Litteratursymposiet i Odda



Frå opninga av tur- og kulturløypa «Ord i spreke spor». Foto: Runhild Rokkan

Fylkesbiblioteket sitt oppdrag

I følge Lov om folkebibliotek skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Fylkesbiblioteket er bibliotekfagleg rådgivar for kommunane og biblioteka i vidaregåande opplæring. Vi initierer, leier, finansierer og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i Hordaland, og vi utviklar fem regionale biblioteksamarbeid i samarbeid med 32 kommunar. Ei kjerneoppgåve er å utvikle og oppdatere kompetansen hjå bibliotektilsette i fylket gjennom strategisk arbeid, kurs, konferansar og andre kompetansehevande tiltak.

Arbeidet i fylkesbiblioteket er styrt av Biblioteklova og Hordaland fylkeskommune sin vedtekne bibliotekpolitikk, som er nedfelt i Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.

Fylkesbiblioteket er leia av fylkesbiblioteksjefen og hadde ved årsskiftet 7 fagtilsette og 1,2 merkantilt tilsett, totalt 7,7 årsverk.

Utviklingsoppgåver

Prosjekt “Sterk, spenstig og klar 2014 - 2016”

Nasjonalbiblioteket løyvde 600 000 kr til andre året av prosjektet «Sterk, spenstig og klar». Målet er at innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Prosjektet omfattar alle kommunane i Hordaland utanom Bergen. Biblioteka skal systematisk og planmessig bli betre i stand til å oppfylle den nye føremålsparagrafen i biblioteklova, noko som inneber at folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Partnerskap mellom dei regionale samarbeida og fylkesbiblioteket skal styrkast i prosjektet.

Prosjektet består av fem delprosjekt.



Delprosjekt 1: Modellbibliotek

Målet er å utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek - eit i kvar samarbeidsregion.

Modellbibliotekprogrammet er inne i sitt andre år, og interessa for å vere med er stor. Behovet for fornying og tilrettelegging av biblioteklokala er omfattande, og prosjektet har skapt grobøtn for innovative og spennande idear kring utviklinga av det einskilde bibliotek.

I 2015 blei hovudbiblioteka i Sund og Granvin og Langevåg filial på Bømlo plukka ut til å bli modellbibliotek med ei løyving frå fylkeskommunen på kr 100 000 kvar og midlar frå Prosjekt Sterk, spenstig og klar til interjørkonsulenttenester. Det første modellbiblioteket blei opna i Sund kommune 25. november.

Granvin søkte i utgangspunktet om hjelp til å innreie ei storstove i bygda, men prosjektet enda opp med flytting av biblioteket til nye lokale. Kulturbanken i Granvin er eit tiltak der grunntanken om ei storstove er utvida, og i praksis vil biblioteket fungere som ei ramme og innhaldsleverandør til eit lite kulturhus. Fylkesbiblioteket har gitt omfattande hjelp til kassering og opprydding i bibliotekatalogen. Opninga av Kulturbanken finn stad 17. mars 2016.

Sund folkebibliotek har halde fast på ideen om å bli eit nisjebibliotek. Samlinga er monaleg redusert, og det er laga plass i biblioteket for arrangement og ei meir aktiv litteraturformidling. Biblioteket vart opna 25. november 2015 av Beate Husa, som er leiar for Utval for kultur, idrett og regional utvikling i fylkeskommunen.



Vårt første modellbibliotek, nisje-biblioteket i Sund kommune, vart opna av Beate Husa, leiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Bømlo filial på Langevåg er ferdig som møttestad for dei unge. Fylkesbiblioteket har vore aktivt med på å aktualisere samlinga. Nytt inventar er kjøpt inn og det er henta inn prisar på utstyr til meirope bibliotek.

Ein har arbeidd vidare med hovudbiblioteka i Lindås og Meland, som var modellbibliotek i 2014. Desse biblioteka fekk i 2015 til saman 58 arbeidsdagar frå fylkesbiblioteket til brikking av samlinga. Lokala i begge kommunane er bygde om, leverandør er valt og utstyret til meirope bibliotek er kjøpt inn. Utvekslinga av samlingane er godt i gang. Opninga av Strilabiblioteket er dagsett til 14. april 2016.

I august vart det lyst ut midlar til modellbibliotek for 2016, med søknadsfrist 1. oktober. Det kom inn 6 søknader, og Fitjar folkebibliotek, Fedje folkebibliotek og Eidfjord folkebibliotek blei valde til å bli modellbibliotek.

Delprosjekt 2: Auke tal på besøk og arrangement

Ein av strategiane for å få opp aktiviteten i biblioteka har vore å kople dei opp mot jubileer av ymse slag.



Kulturrådet si vandreutstilling med Kulturfond-bøker.

1. I samband med Friluftslivets år løyvde fylket midlar kopla til fysisk aktivitet, natur-kultur- og litteraturopplevingar. Midlane blei nytta til ein turne for ungdom med Samuel Massie og støtte til tilskipingar, i samarbeid med turlag og andre frivillige organisasjonar i kommunane. Åtte kommunar tok mot turneen, og det var over 500 deltakarar på arrangementa. Ni bibliotek fekk tilskot til 14 ulike arrangement i samarbeid med frivillige.

2. I samband med 150-årsjubileet for fødselen til forfattere Hans E. Kinck turnerte forteljaren Thomas Kinck på skular og i bibliotek. Framsyninga "Ein mann som heitte Kinck" vart vist 14 gongar i sju kommunar. Programmet fekk støtte av Folkeakademiet i Hordaland og Kinck-jubileet. I tillegg betalte kommunane ein eigenandel.
3. I samband med at vi deltok i EØS-prosjekt med Polen, vart det laga ei utstilling om den polske poeten Wislawa Szymborska, som fekk Nobelprisen i litteratur i 1996. Åtte bibliotek i fylket har hatt utstillinga.
4. Fylkesbiblioteket fekk laga ei utstilling om Hans E. Kinck med tre rullebanner som har turnert i biblioteka.



I samband med Kinck-jubileet vart det laga ei vandreutstilling.

5. Talet på arrangement har auka kraftig i prosjektperioden. Frå 2013 (året før prosjektet kom i gong) til 2015 har talet på arrangement i folkebiblioteka i Hordaland (utan Bergen) auka med 105 %. Samstundes har talet på deltakarar auka med omlag 63 %.
6. Besøkstala i folkebiblioteka utanom Bergen har auka med 8,6 % frå 2013 til 2015.
7. Bergen offentlige bibliotek (BOB) sto for 1295 arrangement i 2015. Dette er ein nedgang på om lag 19 % frå 2014, men ligg likevel om lag 60 % høgare enn i 2013. Talet på deltakarar på arrangementa har og gått noko tilbake frå i fjor, men ligg om lag 38 % høgare enn i 2013. Besøkstala ved BOB har auka med 13 % frå 2013 til 2015, etter ein liten nedgang i 2014.

Delprosjekt 3: Profilere biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag


Biblioteka sine nettstader er hovudkanal for profilering. Kurs i Facebook og mediekontakt har ført til at bibliotek i fylket som ikkje hadde det frå før, har fått Facebook-sider. Kursa blei evaluert med ei spørjeundersøking. Deltakarane som svarte, sa at dei nytta Facebook meir aktivt i profilering og formidling etter kurset, og at dei hadde kontakta media i fleire saker enn før. På kurset 23 mobile ting lærte ein å ta i bruk verktøy til profilering og marknadsføring av bibliotektenester. Planlegging av profilering av e-media i samarbeid med reklamebyrå vart sett i gang i 2015.



God stemning og djup konsentrasjon på Facebook-verkstad for biblioteka i Nordhordland.

Delprosjekt 4: Digital formidling og innholdsproduksjon

Ny mal for biblioteknettstad er utvikla i Wordpress. Nasjonale bibliotektenester er integrerte, som bokanbefalinger, e-boksøk, kultursøk og katalogsøk i BIBLIOFIL. I samband med dette er det etablert samarbeid med Webløft-prosjektet i Buskerud.



Biblioteknettstadene vert utvikla vidare med den nye malen og moglegheit for å integrere nasjonale bibliotektenester. Biblioteka i Os, Vaksdal og Voss lanserte nye nettstarar baserte på malen våren 2015. Det vart sett i gang arbeid med nettsidene til Sunnhordlandsbiblioteka og Samnanger, som vert lanserte våren 2016.

Delprosjekt 5: Kompetanseutvikling

Fylkesbiblioteket arrangerte ei rekke kurs og samlingar i 2015, sjå oversyn s.14. Nokre er arrangerte med grunnlag i dei ulike delprosjekta:

1. Samarbeid med Bergen Offentlige Bibliotek om kurs i 23 mobile ting for om lag 60 bibliotekstilsette i Hordaland. Kurset sette lys på kva digital kompetanse ein skal ha i dag og korleis ein kan nytte digitale tenester i arbeidet i biblioteket.
2. Tre kurs i debatt og debattleiing med Framtida.no-redaktør Svein Olav Langåker. Målet var å gjere bibliotekstilsette i fylket betre skodde til å arrangere debattar i biblioteka.
3. Bibliotekdagane: På bibliotekdagane 3. - 4. juni var kommunereform og litteraturformidling hovudtema. Undertema til litteraturformidlinga var "Lesersørvis" (å formidle skjønnlitteratur ut frå appellfaktorar, som ein norsk versjon av "Readers advisory"), "Bokanbefalinger – litteraturformidling frå biblioteka sine nettstadar" og "Korleis gjere biblioteket til ein attraktiv formidlingsarena?"
4. For å auke formidlingskompetansen, vart det i 2015 etablert samarbeid med Litteratursymposiet i Odda om kurs i bokdykking; forfattarmøte i bibliotek. Deltakarane på kurset over to dagar fekk også med seg delar av programmet til symposiet. I september hadde vi eit innleiande kurs i bokdykking i Bergen.

E-bøker i biblioteka i fylket



Fylkesutvalet har vedteke at fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikre innbyggerane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang. Fylkesbiblioteket har etablert eit konsortium for e-bøker for folkebiblioteka (utanom Bergen) og dei vidaregåande skulebiblioteka i Hordaland. Konsortiet består av ei felles teknisk utlånsløysing og ei felles samling av e-bøker, som fylkeskommunen har kjøpt inn.

Alle som har lånekort ved eit av biblioteka som er med i ordninga, har tilgang til e-bøkene i den felles samlinga for fylket.

E-lån Hordaland hadde ved utgongen av året 7415 lisensar (fordelt på 1755 titlar) for e-bøker og 169 lisensar (fordelt på 56 titlar) for e-lydbøker. Det er lånt ut 10 339 (2014: 6 873) e-bøker/e-lydbøker i 2015.

Arbeidet med å førebu ein ny anbudsprosess for innkjøp av utlånssystem for e-bøker tok ein del tid på tampen av året.

Turløypa «Ord i spreke spor»

I 2014 vart det løyvd midlar frå Nasjonalbiblioteket til eit prosjekt i Sund kommune som skulle gjere folkebiblioteket synleg på nye arenaer, utforske ulike samarbeidsmodellar og auke formidlinga og aktivitetane gjennom samarbeid

med frivillige lag og organisasjonar. Eit mål var å prøve å kople fysisk aktivitet saman med natur-, kultur-, og litteraturopplevingar.

Fylkesbiblioteket har ytt økonomisk bistand, og har sete i styringsgruppa for prosjektet. Hordaland fylke har i tillegg løyvd midlar gjennom tilskotsordninga kulturtiltak for barn og unge, og det er henta inn midlar frå andre private og offentlege støtteordningar.

Resultatet er ei seks kilometer lang kulturløype, med særleg fokus på den lokale trubaduren Johannes Kleppevik. Ho vart til i eit samarbeid mellom Sund folkebiblioteket, Sund turlag, Stranda skule og lokale eldsjeler og entusiastar. Løypa ligg ved Stranda skule og i inngangspartiet finn ein ei scene forma som ein gitar. I tillegg er løypa utstyrt med infotavler, geocaching, quiz, rasteplasser og emnekasser som m.a. inneheld bøker.




Under bibliotekdagane i Sund kommune juni 2015 vart løypa opna av direktør for Kultur- og idrettsavdelinga i fylket, Anna Elisa Tryti.

Kulturløypa er ein stor suksess. Biblioteket har hatt fleire temakveldar, men etterfølgjande ekskursjonar, til dømes sanking av sopp og nyttevekster. Skule og barnehage nyttar løypa ivrig, og det er i ettertid laga klatrevegg i terrenget, og til våren kjem det lavvo som er til fri bruk. Ikkje minst er løypa til glede for turlaget i kommunen og dei einskilde turgåarane.

Friluftslivets år

Friluftslivets år 2015 var ei nasjonal markering av norsk friluftsliv. Større deltaking i friluftslivet, auka kjennskap til den positive verknaden knytt til folkehelse og kunnskap om allemannsretten var nokre av føremåla.

Fylkestinget vedtok å løyve 400 000 kr til markeringa. 50 000 kr vart knytt til prosjektet «Ord i spreke spor». Midlane skulle brukast til å kople fysisk aktivitet og naturopplevingar til kultur- og litteraturopplevingar.



Det vart sendt ut ein todelt invitasjon til biblioteka. Første delen var eit tilbod om foredragsturné med Samuel Massie. Ungguttene frå Bergen berga seg inn frå skråplanen ved å oppleve meistring i naturen.

Åtte bibliotek meldte si interesse for turneen: Kvinnherad, Samnanger, Austrheim, Sund, Osterøy, Fitjar, Voss og Eidfjord. Målgruppa var ungdom, og arrangementa var ofte i samarbeid med turlag og fritidsklubbar. Foredraget vart svært godt motteke.

Frå Massie sitt foredrag i Austrheim, der han samla eit ungt og engasjert publikum.

Andre delen var tilbod om økonomisk støtte til tilskipingar i samarbeid med turlag og andre frivillige organisasjonar i kommunane. Ni bibliotek fekk løyvd støtte på 3000 kr til 14 ulike arrangement i samarbeid med turlag og andre frivillige organisasjonar. Desse biblioteka fekk støtte: Fitjar, Voss, Fjell, Samnanger, Stord, Kvinnherad, Askøy, Bømlo og Sund.

Spennvidda i kva det vart søkt om var stor: Soppkurs, kurs i nyttevekster og geocaching er nokre døme, men alle tilskipingane gjekk heilt eller delvis føre seg utandørs.

Totalt vart det nytta 79 000 kr til tiltaket. Biblioteka betalte eigenandelen på 3000 kr for foredraget med Samuel Massie. Åtte bibliotek som søkte om aktivitetstilskot fekk 3000 kr kvar. Prosjektet vart finansiert ved at ein nytta 50 000 kr av løyvinga frå Friluftlivets år, medan det resterande beløpet vart teke frå prosjektet «Sterk, spenstig og klar».

Det er etablert nye samarbeidsstrukturar, nye formidlingsarenaer og kontakt med nye brukergupper.

Skulebibliotek for kunnskap og trivsel

Fylkesbiblioteket sette i gong arbeid med ny strategisk plan for skulebibliotek i Hordaland i 2015. Saka skal opp i fylkestinget i 2016.

Visjonen for skulebiblioteka er at «*Skulebiblioteket skal vere eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.*» Planen skal bidra til dette ved å fokusere på tre innsatsområde:

1. integrering i læringsmiljø og pedagogisk arbeid
2. auke kompetansen hjå personalet
3. funksjonelle og trivelege biblioteklokale

Eit av tiltaka i planen er å få auka andelen fagutdanna bibliotekarar i vidaregåande skule og slik utjamne forskjellar mellom skular av same storleik.




Skulebibliotekarar i Hordaland diskuterer ny strategi på skulebibliotekseminar i Norheimsund.

Skulebibliotekkoordinator deltok på brukarmøtet i Bibliofil i Bodø i mai 2015.

Det vart sett i gong arbeid med planlegging av ny vidaregåande skule i Åsane i 2015. I samband med dette er det planlagt eit kombinasjonsbibliotek med Åsane filial. Fylkesbiblioteksjefen deltek i planarbeidet.

Skulebibliotekarane sin kompetanse:

- I 2015 har det vore 29 årsverk i vgs-biblioteka i Hordaland. 15 av årsverka vart fylt av fagutdanna bibliotekarar, og desse fordelte seg på 22 av dei 44 skulane.
- Bibliotekarane i vidaregåande skulebibliotek har hatt både formelle og uformelle møte.
- Kompetanseutviklingsmidlane, som vert tildelt av Opplæringsavdelinga, vart nytta til ein to dagers konferanse i Norheimsund 8.-9. desember. Vi var på skulebesøk på Øystese gymnas og Norheimsund vidaregåande skule. Målet med slike skulebesøk er å sjå korleis ting vert gjort andre stader og verte inspirerte, og det lukkast vi bra med. Etter skulebesøka vart fokuset sett på dei ulike oppgåvene skulebibliotekaren har og vi starta arbeidet med ein felles ressursbank til inspirasjon og støtte. Skulebibliotekarane vart også utfordra til å kome med innspel til den nye skulebibliotekplanen for dei vidaregåande skulane i Hordaland som skal leggst fram i mars 2016.
- 16 skular har hatt besøk av skulebibliotekkoordinatoren i 2015. Innhaldet i slike besøk varierer alt etter kva den som er tilsett på skulen ynskjer. Dagleg rettleiing skjer over telefon, e-post og læringsplattformen «It's Learning».
- Sju skular har skifta bibliotekansvarleg og skulebibliotekkoordinator har hatt opplæring i Bibliofil og rettleiing i bibliotekdrift for dei som har hatt ynskje om det.



Agatha Christie, Edgar Allan Poe og J.R. Tolkien prydar eine vegen i biblioteket på Tertnes vidaregåande skule.

Kompetanseheving

Fylkesbiblioteket har eit lovfesta ansvar for å arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Gjennomføring av forskjellige typar kurs og konferansar for ulike målgrupper er ei prioritert oppgåve på fylkesbiblioteket.

Kompetansestrategien gir mål og retning for satsing på kompetanse i folke- og skulebibliotek. Han viser kva kompetanseområde som er prioriterte, på kort og lang sikt, og kva tiltak som skal setjast i verk innan dei ulike områda.

Fylkesbiblioteket arrangerte åleine eller i samarbeid med andre, 25 faglege møte, seminar og konferansar i 2015, med til saman 670 deltakarar – i tråd med “Strategi for kompetanseutvikling i folkebibliotek og skulebibliotek i Hordaland 2011-2015” og “Sterk, spenstig og klar”.

Kurs 2015

Dato	Namn	Stad	Deltakarar
07.01.	Ferdigstilling av nettstader og opplæring i Wordpress (Os, Vaksdal, Voss)	Bergen	6
16.01.	Profilering og dialog på Facebook (verksted)	Knarvik	12
09.02.	Formidling for og med dei minste	Leirvik	20
12.02.	Neptunseminaret 2015 (Fylkesbiblioteket var medarrangør)	Bergen	71
13.02.	Formidling for og med dei minste	Bergen	21
16.02.	Formidling for og med dei minste	Norheimsund	11
13.03.	Lesesirkelleing i bibliotek med erfaringsdeling	Bergen	22
14.04.	Lyrikk takk! Inspirasjonsseminar om tendensar i norsk samtidslyrikk (Fylkesbiblioteket var teknisk arrangør)	Bergen	17
12.05.	Skulebibliotekarsamling	Bergen	25
26.05.	Bruker møte om BS Weblån	Bergen	26

03.-04.06.	Bibliotekdagane	Sund	61
17.09.	23 mobile ting	Fylkeshuset	33
18.09.	23 mobile ting	BOB	24
18.09.	Regional samling om debatt	Nordhordland	8
21.09.	Regional samling om debatt	Voss	7
23.09.	Regional samling om debatt	Bergen	7
30.09.	Bokdykk	Bergen	19
07.-08.10.	Bibliotekseminar i samband med Litteratursymposiet i Odda	Odda	20
26.-27.10.	WebDewey (Fylkesbiblioteket var teknisk arrangør)	Bergen	67
05.11.	23 mobile ting	Fylkeshuset	24
06.11.	23 mobile ting	BOB	21
02.12.	Årets bøker for barn og unge	Bergen	80
08.-09.12.	Skulebibliotekarseminar og skulebesøk	Norheimsund	25
10.12.	23 mobile ting	Fylkeshuset	25
11.12.	23 mobile ting	BOB	18
Til saman			670



Frå kursrekka 23 mobile ting. Kjersti Hatland og Herdis Moldøen oppsummerer dagen.

Litteraturformidling

Bok til alle

Bok til alle-bibliotek legg vekt på å formidle bøker som er lette å lese, for barn, ungdom og vaksne, og å rekruttere leseombod. Leseomboda er frivillige eller tilsette i institusjonar, og dei formidlar tekstar og forteljingar til andre som har vanskar med å lese sjølve. Fylkesbiblioteket gav støtte til lokale kurs og samlingar for leseomboda. I 2015 var 17 folkebibliotek i Hordaland med i ordninga Bok til alle-bibliotek.

Samarbeid med Den kulturelle skolesekken i Hordaland

Fylkesbiblioteket og DKS samarbeider om litteraturproduksjonar. Vi har drøfta programforslag for grunn- og vidaregåande skular og program på bokbåten i Hordaland.

Leseknappen



Leseknappen er eit lesepogram som rettar seg inn mot elevar i 2. klasse. Målet er at elevane gjennom stimuleringstiltaket lettare skal klare å knekke lesekode. Programmet er tilrettelagt for bibliotek, og går føre seg i eit samspel mellom foreldre, skule og bibliotek. Leseknappen har vore i bruk i Bergen kommune i fleire år.

19 bibliotek meldte interesse for å bli med på Leseknappen vinteren 2015. I programmet er det ein fysisk lesknapp, leskort, litteraturlister og ulike skriv til foreldre og skular. Fellestinging av lesknapp gav god kvantumsrabatt.

5200 leskort er trykte ved trykkeriet i fylkeskommunen. Fylkesbiblioteket har laga skriv og litteraturlister, slik at biblioteka får eit fiks ferdig opplegg.

Driftsoppgåver

Fjernlån og transport mellom bibliotek

Lån mellom bibliotek i Noreg har endra seg dei seinare åra. Nedgang i biblioteka sine mediebudsjett og ein moderne infrastruktur har ført til auka innlån og nye lånevegar.

Fjernlåns- og innlånstala har lege relativt stabilt dei to siste åra. Vi ser at Bergen Off. Bibliotek har lånt ut mindre enn halvparten så mykje materiale på fjernlån i 2015 som dei andre folkebiblioteka til saman. Når det gjeld innlån til egne

brukarar, låner dei andre biblioteka inn meir enn 10 gonger så mykje som Bergen. Det er naturleg at eit stort bibliotek som Bergen offentlige bibliotek har ein høgare sjølvforsyningsgrad enn mindre bibliotek.

Norsk bibliotektransport har ansvar for frakt av bøker og anna materiale mellom biblioteka i fylket og ut av fylket. Alle dei kommunale folkebiblioteka utanom Eidfjord, Modalen og Etne er med. (Etne har transportordning saman med Vindafjord i Rogaland.)

Hovudmålet for transporttenesta er at det skal verte enklare og raskare for biblioteka å låne frå kvarandre, og at ein i samarbeidsregionane i fylket kan planlegge felles mediasamlingar utan tanke på tungvint transport.

I 2015 gjennomførte fylkeskommunen ein anbudsprosess i samarbeid med Universitetet i Bergen, Norges Handelshøgskole og Høgskolen i Bergen om ei ny felles transportkontrakt. Den nye kontakta var på plass i juni.

Bokbåten



Leo Martinus – ein av bokbåten Epos sine brukarar.

Bokbåtenesta er eit samarbeid mellom fylkeskommunane i Hordaland og Møre og Romsdal. Bokbåten Epos er eit mykje brukt og høgt verdsett bibliotek- og kulturtilbod som femnar breitt i kyst- og fjordområda i fylka.

Bokbåten hadde 42 driftsdøger, og 50 stoppestader i 21 kommunar i 2015. Stoppet på Floni i Radøy kommune vart lagt ned etter varturen, og ingen nye stopp er kome til i løpet av året. Alle stoppa får besøk av bokbåten to gongar i året.

Besøket om bord var på 3 977. Dette er ein liten auke sidan året før.

Det vart lånt ut 10 898 bøker. I 2014 var utlånet 23 548, men det er ikkje ein reell nedgang i utlånet, men ei endring av statistikkføringa, fordi ein har slutta å telje med vidareutlånet på land. Dette er gjort fordi utlånsrutinane vert endra og fordi statistikken i Hordaland skal vere lettare å samanlikne med statistikken i Møre og Romsdal.

Det var i overkant 90 ordinære kulturprogram for barn om bord i 2015 – 45 på kvar tur, med eit samla publikumstal på 3 512. På varturen var forfattar og illustratør Reidar Kjelsen og forteljar Liv Brita Brodal med som kulturprogram. På haustturen hadde vi med forfattaren Siv Wyller i tillegg til ei framsyning med

Roald Kaldestad og Roy Ole Førland. Alle dei fire programma var av høg kvalitet og vart godt motteke av publikum.

På Gammersvik i Vaksdal kommune var det konsert av elevar ved kulturskulen i kommunen. Dette er ein tradisjon både på vårturen og på haustturen.

Våren 2015 hadde vi bokprat på Hellesøy bokbåtstopp i Øygarden kommune. Bokpratar Alf Kåre Blindheim samtala med forfattaren Monika Yndestad om krimboka «Gapestokk». Tilskipinga var ein del av programserien *Romanar i flyt*, som var støtta av Fritt ord med 50 000 kr.

Hausten 2015 samarbeidde vi med den nynorske barnelitteraturfestivalen Falturitu om ein konsert med Odd Nordstoga i Leirvik.

Avtala mellom fylkeskommunen og Lindås kommune om kjøp av tenester i samband med drift av båten, om bokinnkjøp, ruteplanlegging, bemanning, mv. er fornya fram til 2018.

Nettstaden til bokbåten vert stadig oppdatert med nyhende, og på Facebook har bokbåten over 2100 følgjarar.

Klassesett

Fylkesbiblioteket låner ut klassesett til grunnskular i fylket utanom Bergen. I 2015 vart det utlånt 135 klassesett (2014: 56). Dette utgjorde 2576 utlån av enkeltbøker og –lydbøker. Det er 170 klassesett/gruppesett i samlinga, det meste på nynorsk. Lærarane kan søkje opp bøker i katalogen vår i Biblioofil og bestille frå nettsida. Vi har kjøpt inn klassesett for å støtte opp under Leseknappen, med bøker som høver for nye lesarar i 2. klasse.

Råd og rettleiing

Dei tilsette på fylkesbiblioteket svarar i løpet av året på mange spørsmål frå kommunane om innreiing, samlingsutvikling, samarbeid og andre bibliotekfaglege problemstillingar.

Hordaland har i 2015 fått to nye biblioteksjefar som fylkesbiblioteket har vitja. Her er Elin Golten saman med Irene Hantveit i Askøy kommune (t.v.) og Martine Durban Jahr og kultursjef Erik Vangsnes i Fusa kommune (t.h.).



Informasjonsarbeid

Nettstaden til fylkesbiblioteket vart brukt aktivt til å informere om tenestene og prosjekta våre. I tillegg har vi brukt postlista til bibliotekleiarane til å informere om nye arrangement og liknande. Fylkesbiblioteket si Facebook-side vert brukt til å dele aktivitetar og diskutere bibliotekutvikling med samarbeidspartnarane våre i kommunane og elles. Sida har god rekkevidde i målgruppa, og vi får jamnt over god respons på innlegg vi postar.

Vi har også oppretta fleire grupper på Facebook for å ha dialog på tvers av kollegaer og kommunegrenser. [BIB-Hordaland](#) for alle tilsette i Hordaland, ei gruppe for kursdeltakarar i kurset 23 mobile ting samt ei interngruppe for alle tilsette på fylkesbiblioteket.

I kurset 23 mobile ting oppretta vi ein blogg, som er tilgjengeleg for alle: medium.com/23-mobile-ting/.

Bokbåten har nettstad og Facebook-side i samarbeid med fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal. Desse er også aktivt brukt til å informere om tilbodet og halde kontakten med brukarane og andre interesserte.

Skulebibliotekarane i dei vidaregåande skulane i fylket kommuniserer og utvekslar informasjon med kvarandre og med fylkesbiblioteket i ei lukka gruppe på It's Learning.

Innlegg

- 24.04. Innlegg på fjernlånskonferansen «Sharing is caring» i Stockholm, Ruth Ørnholt:
En undersøkelse om norske folkebiblioteks arbeid med fjernlån, innlån og samlingsutvikling.
- 11.-12.06. Innlegg på fylkesbibliotekseminar på Sommarøya, Troms, Ruth Ørnholt:
- *Sterk, spenstig og klar. Bibliotekutviklingsprosjekt i 32 kommunar i Hordaland 2014-2016.*
 - *Vgs/utdanningsetaten som arbeidsfelt og samarbeidspart.*
 - *Initiere, planlegge og finansiere utviklingstiltak – forberedelse av utviklingsarbeid.*
 - *Korleis blir det nye biblioteklandskapet i Hordaland?*
- 02.10. Innlegg på konferansen Fjernlån 2015 i Oslo, Ruth Ørnholt:
Hva har skjedd med det solidariske nettverket? Fjernlånsundersøkelse blant norske folkebibliotek.

Internasjonalt arbeid

IFLA (International Federation of Library Associations and Institutions)

Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt er med i Management and Marketing Section i IFLA. I 2015 var verdenskonferansen i Cape Town i Sør Afrika.



Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt var til stades på The IFLA World Library and Information Congress i Cape Town i august. Her tv saman med President elect Glòria Pérez-Salmerón, outgoing president Sinikka Sipilä, biblioteksjefen i Brno (Tjekkia) Libuše Nivnická og den nye presidenten Donna Scheeder.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesbiblioteket
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 93 76
Fax: 55 23 93 79
e-post: fylkesbiblioteket@hfk.no